

Kyrkjjetonar



Framsdebilde



17. mai-toget i Nedstrand vert avslutta med gudsteneste i kyrkja.

foto: Ståle Hustoft

Vil du vere med å produsera og vidareutvikla Kyrkjjetonar?

Kyrkjjetonar er inne i sin 68. årgang og er godt etablert lesestoff i Tysvær og Bokn. Bladet kjem ut fire gonger i året med stoff frå kyrkja i Tysvær og på Bokn, og frå samarbeidande organisasjonar.

Etter tjuve år ynskjer dagens redaktør avløyning, og ein ser etter personar som har lyst til å engasjera seg i eit viktig arbeid med å formidla breidda i kyrkja sin aktivitet - og kristen tru.

Har du idear til korleis Kyrkjjetonar skal vidareutviklast, eller har du lyst til å bidra med til dømes skriving eller layout? Ta kontakt med kyrkjekontoret i Tysvær, eller send ein e-post til kyrkjeverje i Tysvær Ottar Krakk eller redaktør Ståle Hustoft. Kontaktinfo finn du på denne sida.

Frivillig kontingent

Det kostar å produsera og trykka kyrkjeblad. Me er glade for at mange ser verdien i arbeidet, og betaler den frivillige bladkontingenten på 300 kr.

Saman med kollekt i kyrkjene, og bidrag frå sokneråd og fellesråd utgjør gáver og kontingent finansieringa av bladet. Takk for alle bidrag, og til alle som stiller opp for å distribuera bladet til alle husstandar i Tysvær og Bokn.

Les meir på side 11.



Kyrkjjetonar

Utgivar: Sokneråda i Bokn, Tysvær, Førresfjorden og Nedstrand sokn.

Fire nummer i året: mars, juni, september og desember
Redaktør: Ståle Hustoft,
Nedstrandsvegen 1488, 5560 Nedstrand.
Mobiltelefon 900 26 142,
e-post: hustoft@hustoft.net

Redaksjon: Anita Syvertsen Are,
Steinar Høyvik, Ingrid Hustoft Landro og
Asbjørn Erdal

Post til redaksjonen kan også sendast:
Kyrkjekontoret, 5570 Aksdal,
telefon: 476 41 868

Girokonto: 1506.82.22874
VIPPS-nummer: 523083
Frivillig kontingent: kr. 300,-

Grafisk utforming: Ståle Hustoft

Kyrkja i Tysvær og Bokn

Bokn, Tysvær, Førresfjorden og Nedstrand sokn

Telefon: 476 41 868
Internett: www.tysvaerkirken.no
E-post: post.tysver@kirken.no

Kyrkjekontoret for Bokn, Tysvær og Førresfjorden sokn

Åpningstid: tirsdag, onsdag og torsdag
kl. 10 - 14

Sokneprest Tysvær sokn og Bokn sokn
Tor Egil Eriksen
Mobiltelefon: 404 00 686

Sokneprest Nedstrand sokn
Dag Tormod Milje
Mobiltelefon: 934 15 401

Sokneprest Førresfjorden sokn
Gjermund Lygre
Mobiltelefon: 934 93 520

Kateket Marit Sofie Teistedal Vikre

Diakon Lisbeth Skilhagen Haaheim

Menighetspedagog
Hjørdis Kristina Støle Brasøy (permisjon)

Kyrkjelydspedagog Janne I. Eide

Menighetspedagog Kari Undheim

Menighetsarbeider Luna Lygre

Organist
Bergfrid Seibt

Kyrkjeverje
Tysvær kommune: Ottar Krakk
Mobiltelefon: 932 16 644
Bokn kommune: May Jorunn Vatnaland
Mobiltelefon: 950 62 816

Administrasjonssekretær
Gunn Elisabeth H. Ertenstein
Katrine Eide

Kyrkjjetonarar
Odd Grønnestad: 900 71 868
Gunn Elisabeth H. Ertenstein: 976 18 216
Eva Keller: 936 75 972
Einar Selvåg

Nytt utstyr til kjøkkenet

av Asbjørn Erdal



– **Nå kan vi dekke til 115 personer på Kirketorget, sier Ingrid Kyllingstad. Sammen med Jonny Høgden og Synnøve Haakonseth har hun vært med i kjøkkenkomiteén i kirken i Aksdal.**

Det nye kjøkkenet ble åpnet våren 2025 som planlagt og innenfor budsjettet. – Da kjøkkenet stod ferdig, måtte vi finne ut hvor det var mest praktisk å ha bestikk, kopper og kar i det nye kjøkkenet. Deretter har vi merket skuffer og skap slik at folk vet hvor de kan finne det de trenger, sier Ingrid.

Og med et nytt fint kjøkken, ønsket en også å ha nok dekketøy og kjøkkenredskaper. Under jubileumsfesten høsten 2025, ble det arrangert en gourmetmiddag til inntekt for nytt kjøkkenutstyr.

– Det kom inn 23.000 kr på denne middagen, sier Ingrid, og for de pengene har vi nå kjøpt nye gryter, glass, skåler, kaffekanner, serveringsbestikk, ol. Nå er det blitt så fint, at mange har sikkert lyst til å leie kirkestuen eller kirketorget hvis de vil ha et selskap. Og vi har dekketøy nok til et stort selskap, sier Ingrid. Rommene kan bestilles på kontoret i kirken, tlf. 47641868.

– Alle som bruker kjøkkenet, er strålende fornøyd med det nye og praktiske lokalet. Men hvis det er ting som bør forbedres, så kan brukerne skrive en beskjed om dette i boka som ligger på kjøkkenet, avslutter Ingrid.

Ingrid m. flere serverte nydelig mat under gourmetmiddagen i september. Hun har stått for innkjøp av nytt utstyr til det nye kjøkkenet i kirken i Aksdal.

 **Røde Kors**  **DEN NORSKE KIRKE**



SUPERonsdag

Gratis middag i Aksdal kyrkje kl.16-18

3 onsdager i måneden.

Lek på lekerom og i gymsal, mat og prat!

Velkommen både store og små!

22.april 6.mai 27.mai
29.april 13.mai

3.juni- sommeravslutning

Kontaktperson Lisbeth tlf. 93415418



Norheimsund og Øystese ungdomskor under konserten på palmesøndag.

Påskens budskap i ord og toner

av Asbjørn Erdal

Nok en gang har Norheimsund og Øystese ungdomskor hatt en fantastisk konsert i kirken i Aksdal. På palmesøndag fylte de opp kirken med unge og gamle

som fikk med seg nydelig sang og de dramatiske fortellingene om Jesus sin død og oppstandelse.



Konserten i år hadde fått navnet "Påske – ei vandring fra palmesøndag til påskemorgen". Gjennom musikk, tekstlesing, drama, lyssetting og bruk av bilder på storskjerm trolbandt de store og små.

Repertoaret var variert og spente fra tradisjonelle påskesalmer til nyere påskesanger. Alt ble framført på norsk.

Koret består av rundt 30 sangere i alderen 13 til 19 år. Det ble startet i 1968 og har holdt på siden da. Denne konserten har blitt arrangert ulike steder i landet siden 2006.

Bilde til venstre: Et lydhørt publikum følger med. **Bilde til høyre:** Informasjon om Normisjon sitt barnearbeid i Aserbajdsjan som koret samlet inn penger til.



Bilde over: Glade toner fra oppstandelsen 1. påskedag.

Når 19-åringene reiser bort fra bygda etter videregående, har nye kommet til. Før påske drar de på påskekonserterturne. 6 konserter ble det i år. De startet i Norheimsund og fortsatte til Etne, Vikebygd, Aksdal, Sandeid og avsluttet på Leirvik på Stord.

I år bodde de på Stemmestaden og hadde kort vei til kirken i Aksdal. På konsertene blir det samlet inn penger til et Normisjonsprosjekt. I år gikk kollekten til barnearbeid i Aserbajdsjan.

Julekonserter er blitt vanlig i adventstida, men det er få artister som reiser rundt på påskekonserterturne. Men kommer Norheimsund og Øystese ungdomskor igjen til Aksdal, må du få med deg dette som en fin innledning til påsken.



Friluftsgudsteneste på Leiranger

tekst Dag Tormod Milje/foto: Dagfinn Silgjerdli

Søndag 14. juni kl. 11.00 blir det friluftsgudsteneste på Leiranger ved Muslandsvågen. Det er ein tradisjon som har vart lenge, og er eit samarbeid mellom Nedstrand sokneråd og Nedstrand museum- og historielag.

Staden er historisk. Her finst tuftene av eit naust frå vikingtida – frå ei tid då bygdene hadde plikt til å stilla med skip og mannskap til å forsvare landet.

«Den vesle vika Leirangssøyla ligger fullstendig skjult for forbipasserende båter. Innerst i vika ligger den svært godt bevarte tufta etter et stort naust fra vikingtid.»

«Naustet er 34 meter langt og mellom 9 og 10 meter breitt. Det er forma og storleiken på naustet og beliggenheten 2–3 meter over dagens havnivå som tilseier at det er frå vikingtida.

Havet stod høgare i vikingtida, så det har opphavleg lege heilt nede ved vatnet. Naustet har etter all sannsyn vore ein del av det første organiserte sjøforsvaret i landet vårt: den såkalla leidangen.

Garden Leiranger var senter for «Leidangen skibrede» i fleire hundreår. I 2012 vart det funne delar av eit sølvbeslått praktsverd på staden. Arkeologane daterte det til ca. år 900. Kanskje det vart brukt under slaget i Hafrsfjord?»

I våre dagar, der vi har fokus på totalforsvaret av Noreg, er det nyttig både å kjenna historia vår og sjå at tru og kyrkje er viktige ressursar i vår beredskap.

Denne søndagen er det også sesongopning av Nedstrand bygdemuseum kl. 15.00 i Tollboden. Der vil Tysvær husflidslag demonstrera ulike typar handarbeid, og det blir sal av kaffi og lapper.



SOMMER CAFFÉ

VELKOMMEN TIL GRATIS SOMMER CAFFÉ I AKSDAL KYRJE

Kl. 11:00 - 14:00

Lettt berøring, 1% vaffel, 100% bakervinst

Datoer	
24 Juni	<input type="checkbox"/>
01 Juli	<input type="checkbox"/>
08 Juli	<input type="checkbox"/>
15 Juli	<input type="checkbox"/>
22 Juli	<input type="checkbox"/>
29 Juli	<input type="checkbox"/>
05 August	<input type="checkbox"/>
12 August	<input type="checkbox"/>



Bilde til venstre: Barnekoret Gledesprederen i Tysværvåg på vårtur. Bilde til høgre: Dåpsskulen på Førland i starten av mars.

Konfirmantopplæring 2026-2027

Nå er tida inne for påmelding til konfirmasjon for neste år.

Det blir konfirmantopplæring i Førresfjorden, Straumen, Nedstrand, Bokn og Tysvær sokn. Nokre av kyrkjelydane har informasjonsmøte i mai/juni, andre sender brev og gir nærare informasjon til hausten.

Dei kommande konfirmantane må fylle ut påmeldinga på kyrkja si nettside. Påmelding på tysvaerkirken.no

Førresfjorden og Nedstrand/Skjoldastraumen har opna for påmelding. Tysvær og Bokn har påmelding fra 4.juni kl 18.00



Illustrasjonsfoto: Ei av årets konfirmantgrupper i Tysvær kyrkje.

Konfirmantopplæringa er for alle som ynskjer det. Difor vil vi legge opp til tilpassa opplegg for dei som treng det. Ta kontakt om det er aktuelt! Vi legg til rette for dåp for ungdommar som ikkje er døypte.



Oppstart av nytt konfirmantår blir i august/september.

Har du spørsmål kan du ringe kyrkjekontoret for nærare opplysningar: Tlf 476 41 868 Velkommen til eit nytt konfirmantår!

Konfirmasjon våren 2027:

Bokn kyrkje: Søndag 2.mai
Aksdal kyrkje: Lør 8. og søn 9.mai
Tysvær kyrkje: Lør 8. og søn 9.mai
Nedstrand kyrkje: Søndag 2.mai
Skjoldastraumen kyrkje: Søn 9.mai

Bilder til venstre: Nedstrand og Skjoldastraumen har Off-Piste-helg 28. - 30. august. Det blir opplegg i kyrkja, på skytebanen, Soknatun og tur i naturen. Bilete frå fjorårets aktivitetshelg.

Konfirmasjon

av Esther Limstrand Åsheim

Har du høyrte uttrykket «bridezilla»? Det er når bruda blir heilt skrekkeleg rett før bryllupet og har full oversikt på alt og ho kan opplevast som eit monster. Eg skal ikkje seie at det er heilt slik med konfirmasjon.

MEN som mor så nærma eg meg styggeleg til å bli ein «konf-zilla». Mat, finklede, rydde hus, kaker, taler, bilder...å, bilder! Dei tek så utruleg lang tid! For plutseleg ser du så mykje fine barnebilder som du må velge ut. «Sjå! Så søøøøte dei vaaar!»... og så må tenåringen komme og sjå på «kor søøøøt du var på det bildet»...eller dette bildet...åååå.

(Meir skal ordnast. Invitasjonar- svar på invitasjonar-purre på svar på invitasjonar og pynting, bordekkning og bordkort. Og bretting av serviettar. Timar går og me har full fokus på det praktiske.)

Og plutseleg sit me her. Inne i ei stappfull kyrkje med dresskledde, finklede og bunadskledde folk. Praten går. «Så kjekt å sjå deg», «Gratulera med dagen!», «Så fin du er!», «Tenk: No er dei blitt konfirmantar.» Fadrar blar gjennom programmet og diskuterer seg i mellom «kor tid skal me reisa oss? Seier presten noko?» Mor til konfirmanten kjem bort og tek ein prat. Sola gløttar inn vinduet og ønskjer alle ein fin dag. Me kan nesten merke korleis «konf-zilla»'ene kryp stille ut kyrkjedøra.

Me høyrer kyrkjeklokkene ringer og musikken startar. Konfirmantane kjem inn med mjuke, fine kinn, i store, kvite kapper. For 15 år sidan kom dei også kvitkledde til kyrkja. Boren på armen av mor eller far eller ein stolt fadder. Kor blei tida av? No har dei med seg 15 års livsvisdom i kroppen og er på full fart inn i vaksenlivet. Dette året har dei fått gå ei trusvandring.



Bilete over: Konfirmantane «det minste kullet ever» i Nedstrand 10.mai.



Bilete over: Joe Eriksen i Skjoldastraumen kyrkje
Foto Vivian Huglen

Dei har fått diskutert, grubla og meina ting om tema som ein kanskje ikkje møter andre plassar enn her i kyrkja. Dette tek dei med seg vidare i livet.

Joe Eriksen spelar for oss. Han dreg oss med i gitar-riff og tekstar som handlar om både tru og tvil og glede og sorg. Eg trur fleire av oss kjenner oss igjen i tekstane han syng. Folk vippar takten med fotsåla medan skuldrane blir sleppte ned nokre hakk. Me høyrer til.

Me syng kjende salmar og høyrer tekstlesing. Fadrar og alle andre reiser seg på rette plassane, det sørger presten Dag Tormod for. Presten fortel og ein skrekkelig tørr vits om Jerikos murar som får folk til å humra i salen. Og så er preika i gong. Eg kikkar på konfirmantane som ser ut som dei følgjer godt med. «Bli ikkje gripen av angst». Dette er ord som passar godt i den verda dei skal ut i. «Gled dykk alltid..»

I eit samfunn som kan bombardere både unge og vaksne med både bekymring og det som verre er, er dette sterke og viktige ord å ta med seg vidare.

Så skal ein og ein konfirmant fram og bli bedt for. Då greier ikkje den mest lettrørte mora å halde tårene attende. Kjære konfirmant. Du høyrer til. Du er elska av foreldre, slekt, venner, og av Gud som har skapt deg. Gud frydar seg over deg! ... Heldigvis er lommeterkilet klart og tårer som trillar blir tørka bort ei etter ei.

Så går me ut i vårsola, klar til å nyte dagen og dei velsigningar som skal møte både konfirmant, slekt og fadrar (som klarte heilt fint å reise seg og setje seg på dei rette plassane).

Takk for eit flott år. Takk for ein flott dag. Takk for Guds kjærleik som skal følgje ungdomane våre vidare i livet. Fordi dei høyrer til.



Bilde: Mama Maggie sammen med barna på leir. Foto: Heidi Aanensen.

Hilsen fra Stefanusbarna

av Stefanusalliansen

I januar og februar arrangerte Stefanusbarna leirer for over 6 300 barn, like i forkant av skolestart for nytt semester. Leirene ga barna en god overgang til hverdagen igjen, og mange startet på skolen med ny energi, motivasjon og glede.

Leirene som Stefanusbarna arrangerer, har ofte en dyp og positiv innvirkning på barna. For mange blir dette et vendepunkt som åpner for nye tanker og håp. Her får barna rom for åndelig fornyelse, indre helbredelse og ekte personlig vekst. Hver dag deltar de i bønn og lovsang – og barna synger med full stemme og stor begeistring. Mange får også lære å spille et instrument, slik at de kan være med og spille sangene selv.

På leir får barna tre næringsrike måltider hver dag – noe som for mange er sjeldent i en hverdag preget av økonomiske utfordringer. Dette gjør leiren til et trygt og godt sted der både kropp og sjel blir ivarett.

Også for lederne er leirene svært lærerike. De får møte barn i ulike livssituasjoner, med både fysiske og psykiske utfordringer, og får verdifull innsikt gjennom nære relasjoner og praktisk erfaring. Etter leirene arrangeres det ledertrening, der lederne oppfordres til å ta med seg det de har lært videre. Her får de fordype seg, sette ord på erfaringene og vokse i kunnskap og ansvar.

Det er en stor velsignelse å se så mange trofaste medarbeidere stå i denne tjenesten – og å erfare hvordan både barn og ledere blir styrket gjennom arbeidet.

Alltid ved min side

Leirene hadde alltid vært et trygt sted – et fristed der barn fikk erfare hva ekte kjærlighet er. Et sted hvor noen så de små detaljene: om et barn hadde fått nok mat, om det var stille under leken, om smilet ikke helt nådde øynene.

Midt i latter, sang og stille bønner fikk Guds ord bevege seg varsomt

inn i åpne, sårbare hjerter – og liv ble forandret for alltid.

Blant alle historiene fra leirene, var historien om Youstina. (Ikke hennes virkelige navn.)

Youstina var bare ti år gammel da hun mistet moren sin. Sorgen var altfor tung for et så lite hjerte. Den fulgte henne som en skygge. Om natten kunne hun våkne skjelvende i mørket, med vidåpne øyne og urolig pust. Hun lengtet etter varmen i morens armer – en trygg armkrok som kunne stilne frykten. Men armene hun trengte, var ikke lenger der.

Da Youstina kom til leiren, hadde hun smerten med seg – stille, dyp og overveldende. Men Gud hadde allerede forberedt noen til å gå sammen med henne.

Marina, sosialarbeideren hennes, tok imot henne med en kjærlighet som var ekte og målrettet. Hun kjente til det Youstina hadde vært gjennom. Hun forsto de stille

kampene, trettheten bak det skjøre smilet. Derfor holdt Marina seg nær – øyeblikk for øyeblikk, detalj for detalj – gjennom hver aktivitet, hvert måltid og hver bønn. Hun gikk med henne. Hun trakk henne forsiktig inn i fellesskapet. Hun sørget for at hun fikk mat, kunne le fritt og sove trygt. Hun tok vare på alt som angikk henne – også det Youstina selv ikke hadde ord for.

Og sakte begynte noe vakkert å skje.

Youstinas slitne hjerte fant hvile i denne kjærligheten som ble gitt uten forbehold. Det var som om Gud selv la sin hånd på hennes sårede hjerte – lindret smerten, satte det som var brutt sammen igjen, og hvisket trøst inn i den dypeste sorgen. Smerten forsvant ikke over natten, men den ble mildere. Den ble ikke lenger umulig å bære.

Før leiren var over, satte Marina seg ned ved siden av Youstina og ga henne et løfte: «Jeg skal følge med deg videre», sa hun stille. «Gud er god. Han vil aldri forlate deg. Han selv skal være din trøst.»

Omstendighetene rundt Youstina endret seg ikke med ett. Moren var fortsatt borte. Men hjertet hennes begynte å leges. Hun forsto at tap – selv når det gjør vondt – ikke betyr å være forlatt. Hun lærte å lete etter de små lysglimtene som fortsatt fantes i livet hennes. Hun begynte å holde fast ved håpet – ikke som et skjørt ønske, men som et løfte.

Og en stille kveld, med barnlig tro og tårer i øynene, ba hun en enkel bønn: «Gud, vil du ta vare på meg hver dag? Vil du være hos meg og holde meg i armene dine når jeg sover, så jeg ikke trenger å være redd lenger?»

Slik begynte en helbredende reise for en liten jente som fant trygghet i Guds armer – og i trofaste mennesker som Han sendte for å gjøre sin kjærlighet synlig her på jorden.



sammen for de forfulgte

Stefanusalliansen er et av Nedstrand sokn sine misjonsprosjekter.

Les mer på stefanus.no



Salmer i hagen

av Kulturutvalget i Førresfjorden menighet

Fredag 28. august inviterer kulturutvalget i Førresfjorden menighet, i samarbeid med Østebøvikane og Kompletthagen på Høie, til en stemningsfull kveld med «Salmer i hagen».

Dette blir en lun og hyggelig sensommerkveld fylt med kjære salmeskatter og allsang ledet an av Østebøvikane. Midt blant blomster, busker og trær i vakre Kompletthagen får du oppleve musikk, fellesskap og natur i skjønn harmoni. Her kan du synges, se og sanse – og vi lover en helt spesiell atmosfære.

Østebøvikane opptre i mange ulike sammenhenger, og har det siste året hatt flere populære salmekvelder. Høsten 2025 ble de invitert av Bokn menighetsråd til å spille på «Salmer i messa» om bord på MS Sandnes – en suksess som ga mersmak. I vinter arrangerte Nedstrand sokneråd «Salmer og messe» i Skjoldastraumen kyrkje, og nå gleder Østebøvikane seg til å skape nye øyeblikk under åpen himmel på Høie.

Arrangementet foregår utendørs, så kle deg etter været. Det er ikke stoler, så ta gjerne med egen stol eller sitteunderlag dersom du ønsker å sitte.

Kompletthagen selger drikke som brus, kaffe, øl og vin. Det blir også mulig å kjøpe noe å bite i – og kanskje finner du en plante eller to du vil kjøpe med deg hjem.

Det er noe parkeringsplass tilgjengelig, men vi oppfordrer gjerne til samkjøring, sykling eller å gå dersom det er mulig.

- Fredag 28. august kl. 19.00 (åpent fra kl. 18.00)
- Billettsalg: kr 250 – Vipps til 130503 velg «Salmer i hagen»

Mer informasjon om arrangementet og billettsalg finner du på Aksdal kyrkje sin Facebook-side.

Småglimt fra Trivselshagen



Tirsdagen 28. april. Førre/Aksdal KFUK-KFUM speidergruppe på dugnad i Beredskapshagen/Trivselshagen som ligger bak fotballbanen ved Førre barneskole. Entusiasmen var stor ved å sette poteter og løk. Det var kjempegøy og hente vann i bekken og vanne i pallekarmene. Noen tok også med seg noe av avlingen til Jordskodd. Speiderleder Torbjørn Jektnes, Tyri Førre og Ingeborg Berge gjorde denne dagen til en opplevelse for denne speidergruppen. Diakon Lisbeth Skilhagen Haaheim informerte om nødvendigheten med en beredskapshage, og at denne hagen også er til trivsel for de som bidrar eller bare kommer innom for å ta en matpause.

Onsdag 29. april. Temakveld i Aksdal kyrkje, Ny vår i "HAGEN". Beredskaps-kveld med tema muligheten og verdien av å dyrke mat i småskala. Å leve i pakt med naturen. Alle skal løfte, men hvem bærer?

Foredrag av "småbonden" Ben Kristian Hope fra Hope i Sveio. Interessant å høre hvilken kunnskap han hadde gjort seg med å bygge opp et bærekraftig småbruk og utvikle naturmedisiner av urter de selv dyrker.

Gründeren bak trivselshagen i Førre, Åsmund Wae fortalte om oppstarten og meningen med skolens beredskapshage. Han overrakte oss 2 epletre og 1 pæretré som nå er plantet i hagen. Astrid Strømø fra Hagelaget og diakon Lisbeth Skilhagen hadde laget en nydelig jordskodd-suppe med garnityr. Jordskoddene som var overvintret ble tatt opp av elever fra Tysvær fremmedspråklig. Samarbeid gir glede for mange.



Torsdag 30. april. KLUBBEN fra Førre bedehus hadde klubbkveld og tilbrakte noen kveldstimer i Beredskapshagen. Klubben er en klubb fra 8.klasse og oppover. Den er et samarbeid mellom Førre/Aksdal KFUK-KFUM og Førresfjorden menighet.

De horvet og satte 2 forskjellige slag poteter. Kvelden ble avsluttet med å lage pizza stekt på bål ved Åsmunds bua. Diakon Lisbeth Skilhagen Haaheim hadde andakt over temaet, at vi er satt til å være gode forvaltere av Guds skaperverk.



Frivillig bladkontingent 2026

Me vonar at du set pris på å få Kyrkjetonar i postkassen med jamne mellomrom. Ein del av finansieringa av drifta kjem frå frivillig kontingent og gaver.

Den frivillige bladkontingenten er kr. 300,- men det er høve til å betala eit større beløp. Dette vert då ført som gåve i rekneskapen.

Abonnentar utanfor Tysvær og Bokn som ynskjer å få bladet tilsendt, må i tillegg til å betala kontingenten, gi beskjed til kyrkjekontoret slik at dei kan skrivast opp på utsendingslista.

Du kan betala til kontonummer 1506.82.22874 eller VIPPS-nummer 523083

Ei stor takk til deg som bidreg til drifta av Kyrkjetonar!

Betal til kontonummer

1506.82.22874

merk betalinga "Kontingent Kyrkjetonar"

Her kan du betale med
vipps

523083

Vipps-nummer

Kjetil Lillesæter: "Velkommen til Gaza"

Onsdag 3. juni kjem Kjetil Lillesæter til Soknatun på Nedstrand for å halde foredraget "Velkommen til Gaza - om kvardagsliv og gjestfridom før krigen"



Lillesæter kjem frå Ålesund, og er ei kjent og kjær radiostemme gjennom arbeidet som livssyns-journalist i NRK, ma gjennom programmet Tro, håp og Lillesæter.

I dette bildeforedraget deler han inntrykk frå livet i Gaza før krigen, med vekt på kvardagsliv, gjestfridom og møte med menneske han har blitt kjend med gjennom mange år.

Han fortel òg om situasjonen for dei kristne kyrkjesamfunna under krigen i dag.

Dei kristne kyrkjene i Gaza høyrer til dei eldste i verda, men er no hardt ramma av krig og uro. Mange kristne har mista livet, og framtida for dei gamle kyrkjesamfunna er uviss.

Foredraget byggjer på feltarbeid og reportasjearbeid frå åra 2009–2019. Lillesæter har framleis nær kontakt med vener i Gaza og følgjer situasjonen tett.

I tillegg til foredraget blir det servert små munnfullar frå området.

Innleiing ved Sissel Efstad som sjølv har budd og arbeidd i Gaza.

Billetter kr 150 på Vipps 700775
Arrangør er Nedstrand kyrkjeforum

Mål 12:

ANSVARLIG FORBRUK OG PRODUKSJON

I 2017 brukte nordmenn til sammen 1391,6 milliarder kroner til privat konsum¹³. Bærekraftsmål nummer 12 handler om hvordan vi kan forbruke og produsere varer på en måte som sikrer at det er ressurser igjen også til framtidige generasjoner. Hver enkelt av oss kan bidra til at vi når dette målet.

Varene vi kjøper, er en del av et globalt marked der mennesker og miljø påvirkes i hele produksjonskjeden. For at vi skal kunne kjøpe en T-skjorte, har noen dyrket, sanket og bearbeidet bomull, så er bomullen blitt til et plagg på en fabrikk der noen har sydd og pakket.

Videre skal T-skjorta fraktes til en butikk. I alle ledd må det tenkes bærekraft hvis vi skal klare å redusere bruken av ressurser. Hvis vi som forbrukere velger produkter som tar hensyn til nettopp dette, og i tillegg velger gjenbruk og produkter med lang levetid når vi kan, har vi tatt viktige skritt mot å nå dette målet. Samtidig kan ikke forbrukerne ta hele ansvaret for at produksjonskjeden skal være bærekraftig.

Myndigheter og bedrifter må sørge for at det faktisk er mulig for forbrukerne å velge produkter som er produsert med hensyn på miljøet. Avfall må bli håndtert på en forsvarlig måte, og vi trenger miljøkrav til produksjon og forvaltning. Om vi virkelig skal nå dette målet, kan det ikke bare være snakk om å ha mulighet til å velge et bærekraftig alternativ, men alle alternativer må være bærekraftige.

Teologisk refleksjon

Da Gud skapte mannen og kvinnen, gav han dem i oppgave å legge jorda under seg og «råde over» fisker, fugler og dyr (1. Mosebok 1,28). Noen ganger er det tolket som et guddommelig klarsignal til å utbytte naturen og dens ressurser. Det er en feiltolkning, for råderetten er gitt i samsvar med råd om god forvaltning.

Dette kommer klart til uttrykk i den andre skapelsesfortellingen, den om mennesket i Edens hage. Gud satte Adam til å «dyrke og passe» hagen (1. Mosebok 2,15). Å være skapt i Guds bilde innebærer å stå i kommunikasjon med Gud: Gud taler til mennesket og gir det i oppdrag å være forvalter av godene i skaperverket. Mennesket svarer på denne tiltalen gjennom ansvarlig (av: an-svar) handling.

Men mennesket lokkes til selvcentrert forbruk og @ uansvarlig forvaltning. Det skjedde allerede med de to i Edens hage. Tilsvarende fortellinger finner vi mange av i Bibelen, som den Jesus fortalte om den rike bonden (Lukas 12,13–21) som trodde at rikdom og konsum var en sikker vei til det gode liv. Slik er det ikke, sier Jesus: «Ta dere i vare for all slags grådighet! For det er ikke det en eier, som gir liv, selv om en har overflod.»

FNs bærekraftsmål i lys av kristen tro



Friluftsgudsteneste i Kro

tekst May Jorunn Vatnaland/foto: Anita Syvertsen Are

14. juni kl. 13.00 blir det friluftsgudsteneste i Kro på Austre Bokn. Dette blir den aller siste gudstenesten på Bokn før Tor Egil trer inn i pensjonistens rekker.

Det har vore ein fin tradisjon i nokre år, der me startar sommaren med utegudsteneste, kyrkjekaffi og grilling.



Dei siste åra har gudstenesta vore inne i løa hjå Anders Kro. Her er rydda og koseleg laga til, med provisorisk alter og masse sitteplassar. Ingvild pyntar alltid flott med blomar, slik at det blir ei flott ramme.

Denne gudstenesta er felles for Bokn og Tysvær, alle er alltid velkomne.

Etterpå er det kyrkjekaffi og moglegheit for grilling nede ved sjøen i Kro – her er lunt og fint, sjølv i kald nordavind. Det går til og med an å bade. Me håpar mange finn vegen til Kro denne sundagen, og at været er på sitt beste sjølv sagt



Kjell Inge Torgersen kjem til Nedstrand kyrkje 15. juli.

Musikk i sommarkvelden 2026

tekst: Bjørg Rørtveit, Nedstrand kyrkjeforum

Musikk i Sommarkvelden har sidan oppstarten i 2020 blitt ein kjær sommartradisjon i Nedstrand kyrkje, og samlar både fastbuande, hyttefolk og tilreisande til lune sommarkvelder med levande musikk og god atmosfære, kvar onsdagskveld i juli.

Konsertane er små og intime, oftast med ein eller to utøvarar, og programmet har gjennom åra spent frå klassisk musikk og viser til folkemusikk, country og eigne komposisjonar. I år er ikkje noko unntak,- her blir det både gospel, folkemusikk og populære songar.

For i juli tar m.a. Kjell Inge Torgersen turen frå Stavanger, -ein artist som skapar eit spesielt nærvær, varme og nerve i kyrkje-rommet. Tekstane hans handlar om kjærleik, tru, håp, tvil og kvardagsliv, og han kombinerer gjerne konsertane sine med små forteljingar.

Me får også besøk av ein av noregs beste pianistar, Øystein Lund Olafsen, saman med ei gruppe frå dyktige Bømlo gospel. Olafsen har samarbeida med svært mange store artistar gjennom 25 år som musikal, komponist, organist, korleiar og pianist. Me kan love ein energisk og allsidig kveld med stor musikkglede!

Er du glad i folkemusikk, så må du ikkje gå glipp av konserten med kvedar Martha Birkeland og felespelar Øystein Nilsen. Birkeland kjem frå Haugesund, og har eit stort repertoar av folketonar, hovudsakleg frå Rogaland og Sunnhordland. Nilsen er busett i Tysvær, spelar hardingfele, og jobbar aktivt med å gjenopplive gamal folkemusikk frå arkiva. Saman framkallar dei vakre klanger og sterke musikalske møte.

Konsertane har fri inngong med frivillig Vipps-bidrag.

Datoane i sommar er:

Onsdag 1.juli kl 20:
Øystein Lund Olafsen m/gruppe frå Bømlo gospel.

Onsdag 8.juli kl 20:
Konserten er under planlegging

Onsdag 15.juli kl 20:
Kjell Inge Torgersen

Onsdag 22.juli kl 20:
Martha Birkeland og Øystein Nilsen

Onsdag 29, juli:
OLSOK - Me tilrår felles feiring på Avaldsnes

Aktuelle bøker

Presentert av
Bjørg Rørtveit



Tittel: En god tro - for deg som ønsker å tro eller vil bli inspirert i troen

Forfatter: Thor Haavik

Utgitt 2026, Gyldendal forlag

Mange av oss ønsker at vi kunne tro, vi vil oppleve at vi ikke er alene og vi ønsker å være del av noe som er større enn oss selv. Gjennom årene Thor Haavik har vært prest har mange mennesker kommet til ham og formulert et slikt ønske, og han har fått mange meldinger som dette: «Du er så heldig, Thor, som tror. Skulle ønske jeg også gjorde det.» I denne boken deler forfatteren sine refleksjoner og opplevelser rundt det å tro. Hvorfor trenger vi troen? Beriker troen livet? Og hvordan gjøre troen til en del av sin egen hverdag?

En bok både for deg som skulle ønske at du hadde noe å tro på, men også en bok for deg som allerede tror.

Tittel: Sosialistenes guide til Bibelen


Forfatter: Mimir Kristjánsson og Sofie Marhaug

Utgitt 2026, Manifest forlag

Drevet av nysgjerrighet på boken som mer enn noen annen har formet vår kultur, bestemte Mimir Kristjánsson og Sofie Marhaug seg for å lese Bibelen.

Lesingen tok de to røde politikerne inn i tekster de trodde de kjente, men som viste seg å by på store overraskelser. Kjæresteparet ble forbauset over hvor hardt Bibelen dømmer ulikhet og fattigdom. De ble også grepet av kraften i budskapet om nåde og kjærlighet.

I Sosialistenes guide til Bibelen gir de to oss et innblikk i Bibelens radikale budskap om solidaritet, likhet og grensesprengende tilgivelse. De deler sine personlige betraktninger om tro og tvil – og argumenterer for at de kristne verdiene bør gis en større plass i samfunnet.



Tittel: Tru - håp og livsmot når det røyner på

Forfatter: Kari Veiteberg

Utgitt 2026, Kagge forlag

Kva vil det seie å tru i vår tid? «Mi tru dreier seg om noko heilt konkret. Tru er noko eg gjer - eg tenner lys, nynnar til salmar, feirar høgtider - ofte saman med andre.» Det skriv tidelegare biskop i Oslo, Kari Veiteberg, i ei klok og tankevekkande bok om tru, håp og livsmot. Tru handlar om dei praktiske og sanslege sidene ved kristentrua. Søndagsgudstenesta med bøn og salmar. Dei store kyrkjeromma. Dåp, bryllaup og gravferd. Rituala og tradisjonen kan være noko å støtte seg til, og dei er ramma rundt eit fellesskap som kan bære både deg og håpet. Kanskje er tru og håp to sider av same sak? I denne boka, som er skrive i ei tid prega av terror og grusomme krigshandlingar, deler den folkekjære presten sine tankar og erfaringar.

Dødsfall og gravlegging - Nokre val ein står ovanfor

av Ottar Krakk, Kyrkjevevje i Tysvær og May Jorunn Vatnaland, Kyrkjevevje Bokn

nytt frå fellesrådet

Informasjon til innbyggerar og pårørande i Tysvær Kommune. Sjå eigen informasjon til høgje om kva som er annleis i Bokn.

Ein av mine er død – og kva gjer me nå. Plutseleg eller kanskje litt meir venta står me der. Far eller mor, ektefelle/sambuar eller ein annan av våre nære er død. Det er mange ting som må ordnast opp i og mange val må tas. Enten dødsfallet kom heilt uventa eller etter lang tid med sjukdom så står me der at me må ta mange val.

Kanskje val ein ikkje har tenkt på nokon gong. Eit av dei vala ein må ta er kva type grav ein skal velja for den døde. Spørsmålet kjem gjerne først opp når ein sit i samtale med gravferdsbyrået. Skal ein velja kistegravlegging eller tenke kremasjon og deretter nedsetting av urne? Er det ein ektefelle eller annan familie ein ønske å setje av plass til ved sida av? Kva betyr valet økonomisk?

Me skal her prøve å gi litt kortfatta oversikt over nokre av mulighetene her i Tysvær. Her vil me ha fokus på det som gjeld på gravplassen, ikkje seremonien som er i kyrkja eller i andre lokale. Kyrkjeleg Fellesråd er gravplassmyndighet og skal legga til rette på gravplassane for alle som bur i kommunen, ikkje berre for dei som er medlem i Den norske Kyrkja.

For det første kan alle, både dei som bur i Tysvær og folk som ikkje bur her ved dødstidpunktet få bli gravlagt her i kommunen. Det er og mange valmuligheter for kor i kommunen ein ønske at kista eller urna skal bli sett ned. For den som bur i kommunen på dødstidpunktet er det gratis å bli gravlagt i kommunen. Her tar me utgangspunkt i kva som er registrert i Folkeregisteret. Ein har då rett på «fri grav» i 20 år enten ein vel kistegravlegging eller urnegrav.

«Dobbelgrav» - feste av ei eller to ekstra graver

Mange vel ved dødstidpunktet å «feste» ei eller to graver ved sida av den døde. Dette for å sikre plass til avdøde sin ektefelle/sambuar eller kanskje til andre slektingar som t.d. foreldre dersom det er eit (lite eller vakse) barn som dør. Det som er viktig å vera klar over då, det er at ei slik festegrav må ein betale festeavgift for også etter at den festa grava blir tatt i bruk. Slik regelverket

er i dag blir aldri denne grava ei «fri grav». Og etter 20 år vil det bli betaling av festeavgift for to (eller tre) graver. Nå i 2026 er festeavgifta kr 240,- pr grav pr år. For ei dobbel grav blir det då 480,-/år. Me sender nå ut faktura for 5 år om gongen.

Kremasjon – er det eit alternativ?

Det som kan vera eit alternativ kan vera at den som lever igjen tenke at når det blir deira tur så kan dei velja kremasjon og nedsetting av urne i same grav som den som døde først. Ei slik nedsetting kan skje før fredningstida er gått ut då ei urne ikkje skal like djupt i jorda som kistene. Det vil då ikkje bli betaling av festeavgift før etter 20 år. Her vil det og vera plass til fleire urner om det blir aktuelt.

Vel ein urnegrav og til den som dør først vil det her vera plass til fire urner i same grava. Her skal og den betalingsfrie tida utvidast når ny urne blir sett ned.



Namna Minnelundar

Nå er det nylig oppretta tre Namna Minnelundar her i Tysvær. Både i Nedstrand, Skjoldastraumen og ved Tysvær Kyrkja er det nå muligheter for å få sett ned urne ved eit felles minnesmerke, der ein og kan få sett opp ei namneplate med namn mv om den avdøde. Her slepp ein kostnadar til eigen gravstein, men dekkjer sjølv kostnadar med minneplate samt at ein betalar eit mindre eingongsbeløp, på tida kr 2000,-, for å kunne ta del i eit felles minnesmerke. Dei attlevande slepp då å tenke på å stelle ei grav, men kan ha mulighet til å tenne lys eller setje ned blommar ved felles minnesmerke.

Det er planlagt at Namna Minnelund og skal koma i Førresfjorden ved utviding der i løpet av få år. Her blir det og vurdert å bygga urnevegg. Dette er ein relativt ny gravferdsform i Norge. Kort fortalt er det at det vert bygt ein vegg med ulike nisjer/skap med plass til to eller fire urner.

Ekstra kostnader når avdøde ikkje er busett i kommunen

Dersom avdøde ikkje budde i kommunen vil det bli ein eingongs kostnad med gravlegging i kiste eller ved nedsetting av urne. Desse kostnadane er nå i 2026 fastsett til kr. 3590,- for kistegravlegging og kr 1310,- ved nedsetting av urne. I tillegg blir det betaling av festeavgift frå gravleggingstidspunktet. Det er då ingen fri grav i 20 år.

Kremasjonsavgift

Pr i dag er det slik her i Tysvær at kostnadane til kremasjon vert dekkja av fellesrådet når avdøde budde i kommunen. Her er det ulike ordningar i kommunane, men mange dekkjer kostnadane heilt eller delvis.

Grav – uansett livssyn

Gravplassane er for alle, uavhengig av livssyn. Også i Tysvær har me fått ein meir samansett befolkning. I Førre har me på bakgrunn av dette også eit eige felt som er tilpassa muslimsk gravskikk. Forskjellen er at på dette feltet er gravene lagt i ein litt annan himmelretning.

Askespredning

Nokre har og ønske om at aska ikkje skal ned ei grav men spreist, gjerne på havet eller i fjellet. Dersom dette er eit ønske må det søkast om til statsforvaltaren. Me her lokalt har ikkje med dette å gjera ut over at me gjerne leverer ut urna til dei som skal sørge for askespredninga. Det som er viktig å vera klar over er at ein ved askespredning ikkje kan ha noko minnesmerke over den avdøde på gravplassen.

Har du spørsmål til gravplassane og anna som har med gravferd å gjera her i Tysvær ta gjerne kontakt med kyrkjekontoret.

Bokn kyrkjelege fellesråd har mykje dei same reglane som Tysvær.

Skilnaden er at Bokn p.t. ikkje har festeavgift. Det betyr igjen at få graver blir sletta ut etter fredningstida er utløpt. Det er kun i dei tilfella festar ber om sletting, det skjer. Eventuelt kan plantefeltet bli fjerna og tilsådd.

Bokn har namna minnelund, her er og plass til anonyme graver.

I Bokn har alle som bur i kommunen rett til fri grav, dette gjeld og om den avlidne på grunn av sjukdom eller alderdom har budd i ein annan kommune mot slutten av livet.

Eitt kyrkjeleg fellesråd for Tysvær og Vindafjord?

Som skrive om i Kyrkjetonar nr.1/2025 hadde dei kyrkjelege fellesråda for Bokn, Etne, Tysvær og Vindafjord motteke kr.250.000 frå Kyrkjerådet i Oslo til å utgreia samanslåing eller ulikt samarbeid mellom kyrkjene i regionen. Dette arbeidet har gått vidare, og etter kvart har Tysvær og Vindafjord fellesråd greia ut om ein skal gå saman i eit felles kyrkjeleg fellesråd for desse to kommunane.

Målet frå Kyrkjerådet er å stimulera til organisasjonsutvikling gjennom meir lokalt samarbeid der relativt små fellesråd kan gå saman med tanke på å verta meir profesjonelle og organisera arbeidet på ein god og effektiv måte. Dette vil særleg gjelda det administrative arbeidet på kyrkje-kontora. Her er i dag små ressursar med ein kyrkjevevgestilling og ei deltids kontorstilling i kvar av kommunane. Dette gjer også arbeidet sårbart ved t.d. sjukdom.

Arbeidet i sokna vil i liten grad verta påverka, men samarbeid mellom tilsette vil kunna bli styrka. Særskilde kommunale tilskott som gjeld berre i ein av kommunane, skal framleis brukst der. Sokneråda vil ha sine oppgaver som før, men samla fellesråd vil bli større enn det er i dag, men med lik representasjon frå kvar av kommunane.

Arbeidet er no kome så langt at ein i løpet av sommaren 2026 må ta stilling til om desse to fellesråda skal slå seg saman frå 2027. Dersom fellesråda både i Tysvær og Vindafjord i sine møte i månadskifte mai/juni tilrår å slå fellesråda saman, vil saka verta sendt på høyring og uttale frå dei ulike sokneråda for endeleg vedtak i september. Kyrkjerådet har no også løyvd kr.400.000 til vidare prosess til hausten dersom prosjektet vert vedteke å gå vidare.

**Ingvar Frøyland
Leiar Tysvær kyrkjeleg fellesråd**

Prekenteekster - sommeren 2026

Søndag 24. mai	Pinsedag	Joh 20,19-23	Ta imot Ånden
Mandag 25. mai	2. pinsedag	Joh 16,5-11	Ånden går i rette med verden
Søndag 31. mai	Treenighetssøndag	Matt 28,16-20	Misjonsbefalingen
Søndag 7. juni	2. s. i treenighetstiden	Matt 3,11-12	Johannesdåp og dåp med Ånden
Søndag 14. juni	3. s. i treenighetstiden	Luk 14,15-24	Det store gjestebudet
Søndag 21. juni	4. s. i treenighetstiden	Mark 10,17-27	Jesus og den rike mannen
Søndag 28. juni	5. s. i treenighetstiden	Matt 7,15-20	Falske profeter
Søndag 5. juli	Aposteldagen	Luk 5,1-11	Peters fiskefangst
Søndag 12. juli	7. søndag i treenighetstiden	Luk 15,1-10	Sauen og sølvmynten
Søndag 19. juli	8. s. i treenighetstiden	Matt 6,19-24	Det udelte hjertet
Søndag 26. juli	9. s. i treenighetstiden	Matt 11,28-30	Jeg vil gi dere hvile
Søndag 2. august	10. s. i treenighetstiden	Luk 5,27-32	Å kalle syndere til omvendelse
Søndag 9. august	11. s. i treenighetstiden	Matt 23,37-39	Som en høne samler kyllingene
Søndag 16. august	12. s. i treenighetstiden	Matt 6,24-34	Vær ikke bekymret for livet
Søndag 23. august	13. s. i treenighetstiden	Matt 25,14-30	Talentene
Søndag 30. august	Vingårdssøndag	Matt 20,1-16	Arbeiderne i vingården
Søndag 6. september	15. s. i treenighetstiden	Matt 5,38-48	Elsk deres fiender
Søndag 13. september	16. s. i treenighetstiden	Mark 7,31-37	Jesus sa til den døde: Effata

Familiesøndag

Søndag 7.juni ønsker vi fint ver og yrande liv i kyrkja og på kyrkjebakken, først på Nedstrand - så i Skjoldastraumen på ettermiddagen.

Sammen - er vi familie - og felles - skaper vi kjekke opplevingar!

Den korte gudstenesta er for - og med barn, med sang, drama og myldring. Ute kan du sitte rolig eller ta ut i sporløype - med premierung, og andre gøye aktiviteter!

Så blir det servert pølser og noko søtt, og sjølvsagt kyrkjekaffi og saft!

Håper mange har lyst å vere med å skape ein fin familiesøndag!

Neste nummer kjem i postkassen ca. 11. september

Frist for stoff til nr 3/2026: 21. august 2026

Send reportasjar, informasjon, møtetidspunkt o.l. til redaktør Ståle Hustoft, Nedstrandsvegen 1488, 5560 Nedstrand.
hustoft@hustoft.net / 900 26 142

Gjennom livet

Døypte

Aksdal kyrkje

26.04 Ida Kirketeig Sternhoff
19.04 Solveig Ronæs Vikse
19.04 Malin Hadland Åsbø
05.04 Tirild Sørli Håvardsholm
22.03 Ingrid Sæther Grønlien

Førre Kyrkje

10.05 Hannah Helgeland
29.03 Emil Holden Rasmussen
29.03 Synne Aurora Heitmann

Skjoldastraumen Kyrkje

19.04 Eline Hetland Fossaa
05.04 Mathias Dale

Tysvær Kyrkje

19.04 Sigrud Marie Gamst Tysvær
08.03 Jonathan Ytreland Susort

Nedstrand Kyrkje

05.04 Jens Ellingsen Riege

Bokn Kyrkje

29.03 Matheo Slettebø Eikemo
03.05 Sigurd Ognøy

Vigde

Bokn Kyrkje

03.05 Emilie Dalen Ask
og Ivar Jordbrekk Ognøy

Tysvær Kyrkje

14.03 Adine Westergaard
Ingebrigtsen og Stein-Roar
Arpad Ingebrigtsen

Jordfesta

Tysvær Kyrkje

30.04 Unni Margrethe
Kolbeinsen Øvrebø
27.03 Sebastian Erland
06.03 Astrid Dorthea Rokstad

Bisettelse:

17.04 Harald Amdal

Førre Kirke

21.04 Helga Olene Støve
16.04 Sigve Andreas Vågen
14.04 Marta Rønnevik Assbjø
14.04 Otto Selmer Kvamme

26.03 Anne Gurine Lilleland
24.03 Harry Myklebust
19.03 Bjørg Aslaug Sjo Sandbekken
06.03 Kåre Mikal Gerhardsen

Førre Gravplass

11.03 Gunvald Grønnestad

Aksdal Kyrkje

Bisettelse:

17.03 Kjell Birger Tysvær

Nedstrand Kyrkje

20.03 Olga Myhre

Skjoldastraumen Kyrkje

12.03 Klara Sørli



Hvordan har du det...

EGENTLIG?

Krisetelefon 22 40 00 40
SOS-Melding: www.kirkens-sos.no
SOS-Chat: www.soschat.no

Kirkens SOS

ET MENNESKE Å SNAKKE MED
NÅR LIVET ER SOM VERST

**Stell av gravplasser
i Tysvær**



**AOI avdeling Vepro
Tlf: 932 16 679**

PLANAR OM Å ARRANGERE DÅP, JUBILEUM,
MINNESTUND, BARNEBURSDAG ELLER ANDRE
SAMANKOMSTAR?

Leig Soknaton!

Soknaton har mellom anna velutstyrt kjøkken,
romslege, lyse lokale, musikkanlegg,
projektor og leikerom.

Prisar for utleige:
Heil dag 1500,-
Barneburstdag 500,-

Ein kan booke huset to år i førevegen,
og det er første mann til mølla.

Har du spørsmål om utleige eller ønskjer å booke
Soknaton? Ta kontakt med Beate Lindgren på
97621843 eller
Gunstein Landro på 92408151.

Velkommen til kyrkje



Aksdal kyrkje

- 24. mai kl. 11.00**
Høytidsdag 1.Pinsedag
- 31. mai kl. 11.00**
Gudstjeneste
- 14. juni kl. 11.00**
Gudstjeneste
- 21. juni kl. 11.00**
Gudstjeneste
- 5. juli kl. 11.00**
Gudstjeneste
- 19. juli kl. 11.00**
Gudstjeneste
- 2. august kl. 13.00**
Gudstjeneste
- 23. august kl. 11.00**
Gudstjeneste
- 30. august kl. 11.00**
Oppstartsgudstjeneste

Nedstrand kyrkje

- 24. mai kl. 11.00**
Høytidsdag 1.Pinsedag
- 7. juni kl. 11.00**
Gudstjeneste
- 14. juni kl. 11.00**
Friluftsgudstjeneste Leiranger
- 5. juli kl. 13.00**
Gudstjeneste
- 2. august kl. 11.00**
Gudstjeneste
- 23. august kl. 11.00**
Gudstjeneste

Tysvær kyrkje

- 24. mai kl. 11.00**
Pinsegudstjeneste, felles med Bokn.
- 21. juni kl. 13.00**
Gudstjeneste
- 26. juli kl. 13.00**
Gudstjeneste
- 9. august kl. 19.00**
Jazzmesse
- 30. august kl. 11.00**
Gudstjeneste

Førre kirke

- 7. juni kl. 11.00**
Gudstjeneste
- 16. august kl. 11.00**
Gudstjeneste

Skjoldastraumen kyrkje

- 24. mai kl. 13.00**
Høytidsdag 1.Pinsedag
- 7. juni kl. 16.00**
Gudstjeneste
- 28. juni kl. 11.00**
Gudstjeneste
- 26. juli kl. 11.00**
Gudstjeneste
- 9. august kl. 11.00**
Gudstjeneste
- 30. august kl. 11.00**
Gudstjeneste

Bokn kyrkje

- 7. juni kl. 11.00**
Gudstjeneste
- 14. juni kl. 13.00**
Friluftsgudstjeneste Kro
- 19. juli kl. 13.00**
Gudstjeneste
- 23. august kl. 11.00**
Gudstjeneste